



NORSK BRETON KLUBB

Stiftet i Bergen 25. februar 1957

Bank konto:
4213.48.53896

2. mai 2011

Til medlemmar i NBK – v/ distrikt Hordaland og distrikt Vestlandet Nord

Vestlandstreff – Vassenden 2011

Helga 06. – 08. mai blir det eit uformelt treff, med fokus på det sosiale, på Vassenden i Jølster kommune. Vassenden ligg snaue 20 km nord for Førde.

Det har dei siste par tre åra kome ein del nye medlemmer i begge distrikta, så tanken bak treffet er å møtast og bli litt meir kjent. Kanskje kan vi få til eit slikt vestlandstreff kvar vår??

NBK er jo ein raseklubb som skal ivareta rasen breton. Hovudfokuset til klubben er avlsarbeid og ivaretakelse av ein sunn, snill, god og pen breton. For å nå desse måla, så er ein heilt avhengige av aktive medlemmar som kan møtast og bidra med å vise fram hundane sine i ulike situasjonar.

Vår og sommar er ei fin tid for trening av apport, dressur og gjerne litt utstilling. Dette vil det også bli tida til på Vassenden. Dersom interessa på å forsøke å ta apportbevis er tilstades hjå fleire, så vil ein forsøke å få ein autorisert dommar til å bli med på delar av helga. Det vil bli gitt informasjon om utstilling og utstillingstrening. Kanskje kan vi arrangere ein uformell utstilling før heimreisa på søndagen? Det vil også bli gitt litt informasjon om NBK og om dei ulike jaktprøvene som blir arrangert.

For dei som likar å fiske, så ligg Jølstravatnet og elva Jølstra på Vassenden. Vatnet og elva er kjent for eit godt fiske. Elles er det fine turmoglegheiter i nærområdet som vi skal få nytta i løpet av helga.

Samlingspunktet for treffet på Vassenden vil bli på Øvrebø Hytter. Ein har reservert 3 hytter her i ei veke frå den 10.04, så her må ein være raskt ute. Elles ligg det andre utleiehytter ikkje så langt vekk frå Øvrebø Hytter.

Her kan de leige hytter:

Øvrebø Hytter: 902 79 047

Jølvassbu: 92 06 22 03/ 92 22 36 98

Jølstraholmen Camping: 95 29 78 79

Dei to siste stadane kan ein også leige plass for telt, campingvogn/bubil. Jølvassbu ligg berre nokre få hundre meter unna Øvrebø Hytter.

Når det gjeld mat, så ordnar ein dette sjølv. Om væiret tillet det, så blir det felles grilling på laurdag ettermiddag/kveld.

For at ein skal vete om det kjem folk til den aktuelle helga, så må de melde dykk på til ein av dei tre under:

Svein Gravdal – tlf 916 47 926

Olaf Hafstad – tlf 957 79319 – olaf.hafstad@live.no

Jan B. Skrøppa – tlf 997 03229 – jan.bjarte.skroppa@enivest.net

Eit nøyaktig program for helga vil bli lagt ut på breton.no og under distriktsnyheter i løpet av dei første dagane.

Anna:

Helga 28. – 29. mai blir det arrangert Vestlandets Fuglehundfestival på Espeland leir i Bergen. Det blir då altså moglegheit å stille ut hundane for to ulike dommera same helga. Påmeldingsfristen for denne helga er 03. mai. Meir info om den helga finn ein på v-f-k.no

Med vennleg helsing
Jan B. Skrøppa



NORSK BRETON KLUBB

Stiftet i Bergen 25. februar 1957

Bank konto:
4213.48.53896

2. mai 2011

Program for helga:

Fredag 06.:

Denne kvelden blir det ikkje noko spesielt program.

Laurdag 07.:

Klokka 10:30: Opning av treffet v/Jan B. Skrøppa
Presentasjon av dei enkelte

11:00: Informasjon om NBK og DK Hordaland og DK Vestlandet Nord v/Olaf Hafstad og Jan B. Skrøppa.
Informasjon om landstreffet 2011 i Porsgrunn vil også bli gitt.

12:00: Presentasjon av rasen, historikk og bruksegenskapar, v/Svein Hjelle

12:30: Informasjon om eksteriør og utstilling v/Svein Hjelle

13:00 Lunsj. Kvar enkelt ordnar for seg

14:30 Informasjon om jaktprøver, -reglar, jakttrening mm v/Olaf Hafstad og Jan B. Skrøppa

15:00 Apportkonkurranse, kåring av "distriktsmeistera". Vi delar inn i UK (opp til 24 mnd) og AK (frå 24 mnd). v/Svein Gravdal og Olaf Hafstad

16:00 Utstillingstrening v/Svein Hjelle og Jan B. Skrøppa

17:00 Felles grilling (v/Øvrebø Hytter om ikkje anna blir avtalt) og sosialt samvær utover kvelden. Kvar enkelt må ordne seg med mat og drikke.

Dersom der er interesse for det, så vil det på slutten av utstillingstreninga bli arrangert "barn og hund" konkurranse.

Søndag 08.:

Klokka 10:00: Dersom det er ynskje om det, så kan vi avhalde ein uformell utstilling, der vi deler opp i "kvalpehow", opp til 9 mnd, JK/UK opptil 24 mnd og Open klasse frå 24 mnd.

Klokka 11:30: Felles luftetur, før avslutning og heimreise.

Som tidlegare nemnt, så er det moglegheit å teste ut fiskelykka i elva Jølstra. Fiskekort kan kjøpast fleire stadar i nærleiken. Det er ein Coop daglegvarebutikk 5 minutt unna Øvrebø Hytter og 3 minutt lenger vest (ved bruk av bil) ligg det ein Spar daglegvare butikk som har opent 7 dagar i veka og er open til klokka 21:00.

HUGS Å BRUK HUNDEPOSE INNE PÅ DEI ULIKE CAMPINGOMRÅDA!